



Elin har nok å gjera (Foto: Kvinnheringen)

1. mars var det 3 månader sidan Elin Enes opna Elins Matgleder og mange spør korleis det eigentleg går med denne nye og spennande verksemda i bygda.

Og korleis marknadsfører ho seg?

-Vi har ikkje sett ein einaste annonse.

Vi har høyrte at ho er på facebook, men der er ikkje vi, seier ein potensiell kunde.

- Det stemmer at eg ikkje har annonsar i avisene og grunnen er at det er for kostbart. Men det har faktisk ikkje vore naudsynt heller. Eg har nok å gjera likevel, seier Elin til uskedalen.no.

- Og kva ligg på toppen i produksjon?

- Det er koldtbord, som eg har levert svært mange av til heile Kvinnherad med unntak av Halsnøy. Tapas ligg på andre plassen,

- Kva så med brødmatt?

- Eg freista med sundagsope, men det kom ikkje så veldig mange.

- Har heimekokkelauguet til Hellstrøm kravd mykje tid ?

- Igrunnen ikkje. Vi har hatt to samlingar i Oslo og no veit vi ikkje så mykje om kvar vi går vidare med dette tiltaket. Men det har vore artig med deltakinga og vi som er medlemmer har god kontakt via facebook. Hellstrøm sjølv ser vi ikkje så mykje til i vår 'kanal'!

Av Ola Matti Mathisen